

# Årsmelding for eldrerådet i Øystre Slidre kommune 2012.

Eldrerådet 2011-2015 er slik sammansatt:

<i>Medlem</i>	<i>Varamedlem</i>
Tore Gran, leiar	Haldis Rogne
Aage Kjonerud, nestleiar	Gunnar Berg
Gunvor Onstad	Hjørdis Hegge
Magnhild Strand, Sp	Marit Synnøve Opheim Østli, Ap
Bente Oxhovd, H	Anne Finnbråten, Sp

Rådet hadde 5 møter i 2012 med i alt 33 saker.

Referata finnast på kommunens heimeside under ”lokaldemokrati” eller på Tingvang.

*Saker som er handsama er m.a.:*

*Omsorgsplan.* Stor plangruppe oppretta av sektorleiar. Ble etter 5 møter stoppa av rådmannen, sjå K-sak 062/12 og rådssak 31/12. Startar på nytt i 2013 under leiing av ny plansjef. Dette er viktigaste sak for rådet på mange år.

*Reglement for rådet ref sak 30/12 mfl.* Vår kommune er no einaste i Valdres utan talerett i andre kommunale organ.

*Lov om eldreråd.* Rådet har gjort fleire forsøk på å få kommunen til å overhalde loven utan å lykkast. Dette er diverre vanleg i mange kommunar. Mellom anna sak 10/10 og 26/12.

*Heimetenesta.* Budsjettet til grunnbemanninga er ikkje økt på fleire år trass i stor auke i oppdrag (i lange periodar ei dobling!). Auke i bemanninga er som før rådets høgste prioritet i budsjettet. Særs låg bemanning i forhold til oppdrag gir høy score effektivitet på kommunebarometeret, men det er jo ikkje det noko å skryta av!!

*Sjukeheimen.* Etter aksjonen med overbelegg i 2009 har saka roa seg. Dei 5 nye mellombelse romma er utbetra litt og nyttast mest til korttidsopphald.

*Frivilligsentralen.* Denne fungerer særst bra. Rådsleiar møter i samhandlingsrådet (utan stemmerett). Det sjåas på om ein bør starta med småjobbsentral i tillegg for å dekke ønske om litt større oppdrag. Dette er enkelt å organisera etter modell frå Lillehammer.

*Den kulturelle spaserstokken.* Rådsleiar har samarbeida med kultursjefen om dette.

*Eldrefest.* Årets fest var på Bergo hotell med 42 personar tilstades. Underhaldninga var ved ei visegruppe frå kulturskolen og i samarbeid med den kulturelle spaserstokken. Svært bra.

*VLMS/helsetun Valdres.* Dette er no avslutta. Det har vært særst givande å delta her for rådet.

*Datakurs for eldre* er halde på biblioteket med 7 deltakarar. Bra. Prøver med nytt i 2013.

*Saker for oppfølging i 2013:*

*Reglement for rådet.* Rådet følger opp saken vidare.

*Festusbuss.* Det skal jobbast vidare med ny innsamling, samt heis på bussen.

*Omsorgsplan.* Rådet ønskjer å bidra vidare.

*Omsorgsbustadene.* Pris på husleige og straum, sak 32/12.

*Datakurs for eldre.* Manglar svar på kommunens del til kurs 2013.

*Eldrerådet har i 2012 vært representert på følgjande andre møte:*

Eldreråda i Oppland på vår og haustkonferanse, to samlingar for råda i Valdres, mange møter om VLMS/hesletun i Valdres, møte om trafikksikringsplan og 5 møter om ny omsorgsplan.

Vidare møter i levekårsnemnda, samhandlingsstyret for frivilligsentralen og fylkeseldrerådet, samt budsjettmøte i formannskapet.

Heggenes, 30. januar 2013.....Tore Gran, leiar